



Tone og Camilla gav kvelden djupne og meining, skriv Arne Torget. Foto: Ola Matti Mathisen

Arne Torget, den flinke rimsmiden, har laga eit dikt etter romjulskonserten i Rosendal. Det får karakteristikken knakande godt av folk som har lese det, Til dømes skriv uskedelingen Anne K. Rørheim slik: Eg synes det seier mykje om samhold, entusiasme og glede med musikken. Tenk så mange musikarar på eit brett, ein del har aldri snakka med kvarandre før, men nettverket utvidast litt etter litt og det synes eg er så flott!!!

Over til diktet:

Makalause muntre musikantar
kom stimlande til Kvinnherad Kyrkje frå alle kantar.
Framom alteret fylte musikantane romme'
fire perkusjonistar og eit traktorlass med tromme.

Fire trommisar med godt humør
med Hans Martin som energidirektør.
Han og Tor Øystein spelte lågt og tok i
-i kveld gjekk Kvinnherad Kyrkje på batteri!

Store vesle Sindre er ikkje gamle guten
lokka fram rytmar som er skjeldne under Malmangernuten.
Vibeke hamra laus på paukene så ho svetta
-og det ryktast snøgt om torever på Kletta.

Per Bråtun er ein kjekk liten tass
som drøymande stod og kjælte med ein bass.
Han stod kjenslevart og spelte med stødig fot
-Per'n er ein av dei siste eg ville vågd å kalla idiot.

Yngvar var kveldens andre bassist
som og bidrog som komponist og korist.
Han går heilt opp i musikken, den saken er klar
og overkroppen er forma som ein bassgitar.

Roger er den briljante heidningen og anarkisten
den eminente snøggfingra gitaristen
guten med den leikne ungdommelege gnisten
den kreative, vare og bøllete vokalisten.

Oddgeir er den elegante som ror kva som helst i land
som briljerer på kassegitar med 5 sundepølser på kvar hand.
Han briljerer på synthgitar med egne komposisjonar
der han malar landskap i vakre tonar.

Bjarne er jazzpianisten som pumpar opp energien
frå kyrkjeorgel og piano tryllar han fram magien.
Rytme og tonar kom krypande ut frå sjul
Rosendal har aldri høyrte ein meir spenstig Glade Jul.

Tone og Camilla var hjertelig tilstede
og spreidde både entusiasme, musikk og glede.
Med bibelvers og full musikk i skjøn foreining
var dei med og gav kvelden djupne og meining.

Sebastian tubablåsar har lungar på størrelse med ei teina
han kan høyrast ut som heile Rosendal musikklag åleine.
Han kan på spela på tubaen so ofseleg fort
og få han til å høyrast som ein burande hjort.

Han bles i tubaen så han var galen
og det gjekk 3 ras i Uskedalen.
Når det gjeld blåseinstrument er han nummer ein
-ein gong bles han så hardt i tubaen at han blei heilt bein.

Eli Kvalvågnes har ei levande røyst
ho syng så inderleg at det sprer glede og trøyst.
Med bassiluskar i kroppen leverte ho sitt eige stykke
-livet er ein fest og du er eit smykke.

Atle Fredheim er ein av dei kjekkaste gutane eg vett
han stilte med gitar, Hallelujah, og ein liten fløyteskvett.
Gullsmeden med fløyta fekk salen til å sitra
og fekk Eli sin vesle store låt til å gli tra.

Kveldens mest mystiske var vakre Kari Sunita
som leverte vakker song og koring saman med Anita.
Song sjela av seg gjorde og Vivi Ann
3 flotte jenter som både vil og kan!

Dei opptredde alle som solistar
og innimellom som sjelfulle koristar.
Nær 300 i kyrkja lånte øyra
og etter responsen var det vel verd å sjå og høyra.

17 musikantar og ein lydmann med vottar
Tormod Kayser haldt styr på hundrevis av knottar
Gamle kyrkja ljoste av fryd
Aldri har ho vel opplevd makan til lyd.

Torsdag kveld var det langt i frå ferdig
men fredag kveld var det kongen verdig!
Ein liten gut frå Kolavegen fekk rolla som verten
-og heile ensemblet leverte på nivå med Nobelkonserten!

Stemningen gjekk frå jubel til sakral
flottaste plassen på jord i går var Rosendal.
Gjentakelse må eg sei fristar
tenk å få vera saman med så mange flotte individualistar!

**Eg kan ikkje spela ein akkord eller røra ein tangent
-men eg kan bitta saman, det er mitt instrument.
Saman var me 19 som skapte øyeblikksmagi i lag
-takk for at eg fekk vera med, i Rosendal 2012, 4. juledag.**

Arne Torget, audmjuk konferansier på romjulsconcerten 2012